



Medlem i Sinnes FAU

DYKKAR REF.:

VÅR REF.:

15073/2022 -
2007/1591

SAKSHANDSAMAR:

Åse-Berit Fidjeland

ARKIVKODE:

A20

DATO:

05.10.22

REFERAT FRÅ MØTE I FAU 28.09.22

Til stades: Linda Grubben, Ingvild Fagerheim Skadberg (vara), Kim Erika Holmgren, Hilde Marie Almås (vara), Solveig Marie Ådneram, Ingeborg Selma Kvæven (vara), Gro Nilsen, Karine Tjørhom Myhra (vara), Cathrine Tjørhom og Kari Andersen

Meldt forfall: Anders Tjørhom (FAU-leiar 2021-2022)

Sak 01/22: **Kort om FAU og rådet sin funksjon v/rektor**
Sjå vedlegg 1

Sak 02/22: **Informasjon om saker i 2021/2022 og arbeid vidare v/Anders Tjørhom**
Førre års FAU-leiar melde forfall, men sende ei skriftleg oppsummering som rektor las opp, sjå vedlegg 2.

Etter sakene i møte av 01.11.21 spurde rektor om foreldra hadde merka endringar etter at saka om leksefrei skule hadde vore oppe blant lærarane. Elevane treng framleis å øva, spesielt på lesing og rekning, men dei skal ikkje få lekser i noko dei ikkje har jobba med på skulen eller for mange lekser.

Erfaringane var positive, der dei opplevde at ungane ikkje hadde så mykje lekser, sjølv om opplevinga kan variera frå elev til elev. Dei hadde fått mindre lekser, og ikkje nytt stoff.

Foreldra i 1.-4. klasse var nøgde med vekelekse, slik at leksa kan bli gjort i løpet av veka, og ein kan planleggja ut frå andre ting som skjer. I haust har dei byrja med ein arbeidstime på skulen, og det likte alle. Elevane får meir ansvar sjølv, og foreldra kan sjekka om dei kan lærerestoffet.

Alle klassar har lekselesing måndag frå 14.30-15.15, delt i 1-4 og 5-7, men det er ei utfordring for dei elevane som tar skulebuss, samstundes som det ikkje er så lett å løysa skyssdelen.

Elles vart det diskutert litt rundt felles foreldremøte. Helsesista kosta ein del, men det vart billegare med to føredrag (foreldre og elevar), og ho skreddarsydd opplegget til elevane etter kva dei ønska seg i brev til ho. Helsesista var imponert over at ein liten skule inviterte og brukte pengar på ho, men det var Sinnes skule sin del av prosjektmidlar Sirdalsskulen søkte om i samband med psykisk helse.

Utfordringa er å få formidla dette til alle i Sirdal, sjølv om det akkurat denne kvelden nok ikkje hadde kome så mange fleire frå Tonstad pga. ulukka der. Foreldra meiner òg at det er lurt å dela utgiftene mellom fleire, dvs. begge skulane, og ev. skule og barnehage. Det er òg lettare å planleggja dersom fleire kan samarbeida. Det er ulike erfaringar med samarbeid mellom dei to råda, og ein har opplevd at ein må planleggja tidleg for å få førelesarar til å koma, så to års FAU kan bli involvert og ein kan mista kontinuitet.

Sak 03/22: Konstituering av FAU med val av leiar, nestleiar og sekretær

Leiar: Kim Erika Holmgren

Nestleiar: Cathrine Tjørhom

Sekretær: Linda Grubben

Sak 04/22: Val av representantar til SU og SMU

Desse møter i SU: Kim Erika Holmgren

Cathrine Tjørhom

Dette møter i SMU: Kim Erika Holmgren

Cathrine Tjørhom

Linda Grubben

Sak 05/22: Kort om:

a) lærarsituasjonen p.t. v/rektor

Hausten byrja med to sjukemeldingar og ei oppseiing, og då me trudde me hadde tysklærar, fekk vedkomande tilbod om ein annan jobb. Me har fått inn vikar i tysk nå. Etter kvart kom det ei sjukemelding i 50%.

Me fekk inn ein tidlegare elev som har vore vikar fram til ho byrja å studera, og nå har me fått ei anna som tar fleire timer fast, og litt anna når det trengs. Rektor fortalte at i løpet av ei veke eller så hadde ho ringt tolv (12) ulike personar for å spørja om dei kunne vera vikar i sjukemeldings-timar. Nå er det òg tilsett ein lærar, som bur på Tonstad, i 60% fram til november 2023, og me vonar me får ein person til i 60% i november når ein lærar går ut i barselpermisjon.

Om nokon har høyrt at elevane manglar vikarar, stemmer det, for anten så har rektor blingsa og gløymt å skaffa vikar eller så har vikar kome for seint pga. ei misforståing.

Me har dessverre ikkje på plass alle spesialpedagogiske timer, for etter auke i både talet på spesialpedagogiske timer, opningstid og ungar på SFO, vert dette i år tatt av den ordinære ressursen me har, og det vil seia at me har "mista" 75% lærarressurs sidan 2020. Dette er rektor i kontakt med kommunedirektøren om, og vonar på snarleg svar.

Foreldre påpeikar at det er viktig å få på plass nok folk, slik at dei som er der, har ein god arbeidssituasjon, og meiner skulen v/rektor bør få jamleg informasjon. Hausten har vore travel, men lærarane har stått på og gjort ein god jobb, seier rektor, men er klar over problemstillinga. Ho presiserer òg at elevane er svært greie, og dei får skryt av folk utanfrå.

b) **Ordensreglar** - kort gjennomgang, mest om konsekvensar. Det blir spurt om dette er gjennomgått med elevar, og rektor seier at det skal det, men ho har ikkje sjekka.

c) **Plan for elevane sitt skolemiljø** – kort gjennomgang om aktivitetsplikt, og så kjem me nærmere tilbake til det i første SMU-møte.

- d) **Plan for kvalitetsutvikling** låg ikkje ved som vedlegg, for det er ei av dei sakene FAU og SU kjem til å arbeida med etter at "Sirdalsskulen – mål og strategiar" er revidert og vedtatt politisk i haust. Den planen byggjer på planen for Lister, som byggjer på planen for Agder osb. Dess lenger ned i systemet, dess meir konkrete blir planane.

Sak 06/22: Anna:

a) **Estlandstur**

Skulen har planlagt Estlandstur for ungdomsskuleeleverne i veke 45. Svar frå skulen i Estland kom noko seint, for då rektor endeleg purra, fekk ho svar frå ein tredje person på Väike-Maarja Gümnasium.

Nokre er redde for tryggleiken pga. krigen i Ukraina og nå kanskje sakta med gassrøyrleidningar i Austersjøen. Krigen er relativt langt unna, og skulen held seg sjølvsgått til regjeringa sin landinfo. Per nå er det ikkje nokre spesielle reiseråd der. Skulen i Väike-Maarja meiner det er trygt, og både den estiske ambassaden i Oslo og Estland stadfestar at estiske grenser mot Russland frå Baltikum er stengde, og seier at ei reise til Estland er trygt akkurat som til alle andre land.

Foreldre synest det er veldig bra med tur, det er kjekt og ei fin felles oppleveling, sjølv om det er eit sjokk for elevane å bu i private heimar. Om nokon elevar ikkje vil vera med på tur, vert det skule som vanleg.

Nokre foreldre meiner det ikkje er nødvendig å reisa på dette tidspunktet, medan andre meiner me ikkje kan leva i frykt. Nokon meiner at alle eller ingen bør reisa, men ein kjem fram til at me bør sjekka om skulen kan ta imot besøk før påske i staden, og så kan me godt ta imot besøk nå. Det er ikkje sikkert det er tryggare i mars, men ein har betre tid til planlegging. Rektor sjekkar med Väike-Maarja Gümnasium og informerer elevar og foreldre når ho har fått svar.

b) **Valfag**

Det er ynskje om at skulen tilbyr fornuftige valfag, som jegerprøven og trafikalt grunnkurs, og at dei bør seljast betre inn til elevane. Rektor forklarer at lærarane kjem med ynskje om valfag dei kan undervisa i. Skulen må tilby tre ulike praktiske valfag, men det blir i praksis to i tillegg til språkfag.

c) **Vararepresentantar i 9. og 10. klasse**

Det manglar vararepresentant i 9. og 10. klasse, og Cathrine fortel at dei i ettertid har funne ut at det er Tore Inge Tjørhom som står for tur.

Sinnes 03.10.22

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Klassekontaktrolla

"Alle foreldre som har barn på grunnskolen er automatisk medlemmer av foreldrerådet. Foreldrerådet velger et foreldrearbeidsutvalg (FAU) som fungerer som et "styre" for foreldrerådet." (opplæringslova kap. 11) Det er heimen som har hovudansvaret for barna si opplæring og oppseding, så det er viktig å engasjera seg!

Klassekontaktane si rolle er å vera bindeleddet mellom foreldregruppa og skulen, og skal bidra til eit trygt og godt læringsmiljø for alle. Målet er å gje foreldra reell medverknad i skulen si verksemd og utvikling, og at deira synspunkt blir høyrd og tatt omsyn til, slik opplæringslova krev. "Det handler ikke om å gi den ene eller andre parten rett i enkeltsaker, men å sikre at foreldrenes stemme også er representert. Rektor skal legge til rette for godt samarbeid og dialog mellom skolen og FAU. Representantene har på sin side ansvar for å følge opp, vedlikeholde og videreutvikle samarbeidet." <http://www.fug.no/klassekontakten.468059.no.html>

- FAU skal samarbeida med skulen si leiing og tilsette, elevrådet, foreldrekontaktane og resten av foreldra.

FAU sine hovedoppgåver er å aktivt medverke i:

- Vurdering av skulen
- Utviklingsarbeid i skulen
- Utvikling av eit trygt læringsmiljø for elevane
- Planlegging og oppfølging for å fjerna mobbing
- Sosiale tiltak for elevane
- Organisering av undervisinga
- Utforming av skulen sine mål
- Prosjekt som blir gjennomført i skulen (t.d. IKT)
- Arbeidet med det fysiske skulemiljøet
- Arbeidet med nærmiljøet sine trafikktihøve
- Å få eit godt samarbeid mellom heim og skule

Klassekontaktar m/vararepresentantar 2022/2023

- | | |
|---------------|--|
| 1.-2. klasse: | Linda Grubben og Ingvild Fagerheim Skadberg |
| 3.-4. klasse: | Kim Erika Holmgren og Hilde Marie Almås |
| 5.-7. klasse: | Solveig Marie Ådneram og Ingeborg Selma Kvæven |
| 8. klasse: | Gro Nilsen og Karine Tjørhom Myhra |
| 9. klasse: | Cathrine Tjørhom |
| 10. klasse: | Kari Andersen |



FAU - Foreldra sitt arbeidsutval

FAU er som sagt alle klassekontaktane på Sinnes skule og skal velja leiar, nestleiar og sekretær. Desse tre møter i SU (Samarbeidsutval) og SMU (Skulemiljøutval), og det må veljast ein ekstra representant til sistnemnde utval. Dei siste åra har det

vore vald to til SU + ein til SMU, for foreldre og elevar skal alltid ha fleirtal i utvala. Sidan opplæringsmålet i Sirdal er nynorsk, bør referata vera på nynorsk. Desse kan (og bør) leggjast ut på heimesida til skulen. Om ikkje klassekontakten kan møta på eit møte, sender ho/han innkallinga og sakspapira over til vararepresentanten og bed denne om å møta i staden.

FAU skal samarbeida med skulen si leiing og tilsette, elevrådet, foreldrekontaktane, resten av foreldra ved skulen og kommunale foreldreutval om kommunen har det. FAU si hovudoppgåve er å aktivt medverka i vurdering av skulen, utviklingsarbeid i skulen, utvikling av eit trygt læringsmiljø for elevane, planlegging og oppfølging for å fjerna mobbing, sosialte tiltak for elevane, organisering av undervisinga, utforming av skulen sine mål, prosjekt som blir gjennomførde i skulen, t.d. IKT, arbeidet med det fysiske skulemiljøet, arbeidet med trafikktilhøva i nærmiljøet og få eit godt samarbeid mellom heim og skule. [Alt du trenger å vite om Foreldrerådets arbeidsutvalg \(FAU\) - Foreldreutvalget for grunnopplæringen \(foreldreutvalgene.no\)](#)

Kontinuitet

Hausten 2012 slo FAU fast at funksjonstida som klassekontakt bør vera to (2) år, slik at vararepresentanten vert ny klassekontakt, og ny vararepresentant vert vald kvart vår.

Samarbeid heim - skule:

Målet er å ha ein god dialog for å leggja til rette for eleven si lærings- og utvikling, både opplæring, klasse-/gruppemiljø og skulemiljø, sjå over, så det er viktig at

- klassekontakt og klassestyrar avklarar forventingar til kvarandre og kva for eit ambisjonsnivå de har
- klassekontakt og klassestyrar avgjer om de vil planleggja faste møte
- klassekontakt og klassestyrar lagar ein årsplan for heim - skule-samarbeidet, t.d.
 - trivselstiltak i klassen, som møte/fellesskap elevar - foreldre og t.d.
 - vennegrupper
 - planlegg foreldremøta saman

Hugs å setja opp kven som gjer kva når!



Oppsummering av FAU-arbeid 2021-2022

Medlemma i FAU skuleåret 2021-2022 var:

| | Klassekontakt | Vara |
|----------------|-----------------|-----------------------|
| 1.-2. klasse: | John Ove Sinnes | Linda Grubben |
| 3.-4. klasse: | Anders Tjørhom | Odd Kjetil Kvalvågnes |
| 5.-6. klasse: | Jorid Tafjord | Solveig Marie Ådneram |
| 7. klasse: | Roy Hegre | |
| 8. klasse: | Ranveig Førland | Cathrine Tjørhom |
| 9.-10. klasse: | Helin Morel | |

Det vart halde møter desse datoane:

- 19.10
 - Informasjon om FAU-arbeidet førre skuleår
 - Konstituering av nytt FAU
 - Informasjon om reglar og planar
 - Andre saker, mellom anna idemyldring kring foreldremøte og vurdering av dato for juletrefest
- 3.11
 - Fastsetting av dato for juletrefest og planlegging/ansvarsfordeling fram mot denne
 - Ny idemyldring kring foreldremøtet til våren
 - Leksefri skule? Innspel frå nokre foreldre om ønske om leksefri skule. Enda opp med innspel frå FAU til skulen om korleis leksene burde vera og at ein bør sette av tid til å gå gjennom dei på skulen. Det vart poengtert at denne saken har vore behandla mange gonger dei siste åra
- Arbeidet med foreldremøtet til våren endte med at skuleleiinga tok ansvaret etter innspel frå Bygdekvinnelaget/FAU om å invitere Helsestata. Her vart det litt uklart kven som skulle vera inviterte til foredraget og kven som skulle betale. Det vart brukt ein del pengar på foredraget som Sinnes skule dekka inn, men det er ønskeleg at eit opplegg av denne typen er noko som blir gjort på fellesen for skulane i Sirdal. Både med tanke på utbytte og utgifter.
- Me arbeidde òg med filmkveld i samband med opninga av skulen. Her vart det ikkje skrive referat, men det vart halde nokre planleggingsmøter og FAU stilte opp som dugnadsgjeng under filmkvelden. Dette vart ein veldig kjekk kveld, og må gjerne gjentas av neste FAU som ein sosial kveld for elevane, litt på tvers av aldersgruppene.
- Elles var det eit relativt roleg år for FAU førre skuleår, med få innmelde saker. Me ønskjer det nye FAU lykke til med året som kjem.

På vegne av FAU 2021/2022,

Anders Tjørhom

